



Tanum menighetsråd

REFERAT

Møtestad:	Blåsalen på Tunheim
Møtedato:	23.10.2019
Tid:	18-20
Deltakarar:	Kjell Nilsen, Ragni Haga, Greta Karin Wibe Svendsen, Elisabet E. Romøren, Olin Ambjørnsen, Dag Johnsen, Erling Sølvik, Asle Zimmermann, Kari Espelid, Arne H Hansen
SAKLISTE NR:	9/2019

Innkallinga godkjent og møtet sett med ei ny sak under Meldingar. Ingen saker under Eventuelt.

Kl 19 hadde det avtroppande og det påtroppande rådet ein times felles møte med presentasjon og orienteringar om dei ulike verva og litt av menighetsrådets oppgåver.

I tillegg til dei som held fram, Erling Sølvik, Elisabet Romøren, Ragni Haga og Kari Espelid, møtte for det nye rådet: Marit Elisabeth Kobro, Odd Steinar Bjørneby, Jan Hansen og Sissel Erene Tindeland (2. vara). Forfall: Sven Marius Utklev Gjeruldsen-Halle, Berit Moe, (1. vara og Tor Jakob Lepperød (3. vara).

SAK 65/2019 GODKJENNING REFERAT FRÅ MØTET 18.09.2019, sakliste 8/2019

Vedtak: Referatet einstemmig godkjent.

Underskrifter protokollen: Olin Ambjørnsen og Dag Johnsen.

SAK 66/2019 2.TERTIALRAPPORT FRÅ TOR BAKKEN Sjø vidaresendt e-post.

Kasserar orienterte.

Vedtak: Tanum menighetsråd tek rapporten til etterretning.

SAK 67/2019 GUDSTENESTELISTA FOR BRUNLANES OG STAVERN VÅREN 2020

Vedtak: Vi vedtok lista med dei endringane som kom fram i møtet.

Sjø vedlegg.

SAK 68/2019 INNKALLING TIL FELLES AU I STAVERN ONS 6.11.19 KL 18-20.30

Marit Strømnes i Stavern menighetsråd vil gjerne ha tilbakemelding på kor mange som kjem og saker Tanum mr ynskjer å ta opp. Frå siste møte står felles menighetstur på sakslista.

Denne saka må behandlast i det nye menighetsrådet.

Det avtroppande rådet har imidlertid følgende innspel:

1. Bibeltimar
2. Framleis oppfordre menighetane til å gå på kvarandres gudstenester. Jamfør sak 3/19 frå referat i felles AU.

SAK 69/2019

MELDINGAR

1. Kurs for nye menighetsråd i prostia Larvik og Sandefjord tors. 28.nov kl 18-21 i Bugården kyrkje i Sandefjord. Påmelding innan 21.11.19 til Tunsberg bispedømeråd tunsberg.bdr@kirken.no
2. Rapportering pilegrimsvandring innafor Tanum menighet i 2019
Sekretær har rapportert om ingen eigne arrangement i vår menighet, men om open Tanum kyrkje og orientering for 30 personar frå «Pilegrimsfellesskapet Tunsbergledens venner» den 12. mai i år.
3. Soknepresten orienterte om kontakt med Jørn Holme som no leiger Tanum prestegard. Han inviterar til at vi kan ha juleavslutninga for avtroppande og nytt menighetsråd i prestegarden den 11. desember. Dette var flott!

SAK 70/2019

MENNESKE UTAN RETT TIL OPPHALD I VERDA.

Alle menighetane i Den norske kyrkja hadde fått oppfordring frå Holla menighetsråd v/ Bjørn Werner Nilsen om å slutte seg til og sende appellen under som e-post til regjeringa og våre folkevalde.

Vedtak: Tanum menighetsråd sluttar seg til appellen. Sekretær sender e-posten.

Til Regjeringen og våre folkevalgte.

Mennesker uten rett til opphold i verden.

Det finnes i Norge mennesker som ikke har papirer som bekrefter hvem de er. Tallet varierer. I 2016 var det ca. 2.400. I april i år var det 206 slike registrerte på våre mottak.

Vi registrerer at mennesker uten rett til opphold skremmes ut av Norge og gjenfinnes sørover i Europa like papirløse, like rettighetsløse, like redde, enda fattigere.

Norge har sluttet seg til FN-konvensjonene om statsløse av 1954 og 1961, men har ikke prosedyrer for å avgjøre hvem som i henhold til konvensjonene skal ha status som statsløse. Mennesker kan dermed ikke få legalisert sin rett til opphold på dette grunnlaget i Norge.

FNs høykommissær for flyktninger kom i 2015 med en rapport der dette ble påpekt. FN-konvensjonene inneholder detaljerte forpliktelser for den nasjonale lovgivningen. Forpliktelsene skal sikre mennesker uten sikker nasjonal identitet en FN-godkjent behandling av sin sak med tanke på å få mulighet til å få rett til opphold.

Mange andre europeiske land har slik særskilt behandling for statsløse asylsøkere i henhold til FN-konvensjonene.

Vi er glad for at Norge har sluttet seg til de aktuelle FN-konvensjonene. Vi ønsker at Norge snarest også må oppfylle sine FN-forpliktelser fullt ut i henhold til disse.